



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Nilsen Husa, Monica Thomassen Waage, Hilde Koppen, Stein Hugo Fykse og Jostein Hauge.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen, Martin Karlsen og Stine Waage.

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit.

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 06/26 – 11/26

F 06/26	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 13.01.26
Vedlegg: Møtebok 13.01 og innkalling 17.03	
Vedtak:	Evaluering i sak S 4/26 er blitt korrigert og blir sendt ut på nytt sammen med referat frå soknerådsmøtet 17. mars 2026. Referat godkjent utan merknader.

F 07/26	ORIENTERINGAR
	- Varmepumper; arbeidet med installering er godt i gong. - Biskopen ønsker visitas med Austrheim og Fedje oktober 2027. Det er gitt beskjed til kommunen. Kva ønsker soknerådet å lage til for å vise fram Fedje?

F 08/26	GODKJENNING AV ÅRSMELDING
Vedlegg: Årsmelding 2025	Årsmeldinga for Fedje sokn skal godkjennast i soknerådet og leggst fram på årsmøtet. Vedlagt ligg årsmelding til gjennomlesing. Det er nokre rekneskapstal i årsmeldinga som ikkje er heilt korrekte sidan Aider ikkje har gjort ferdig årsrekneskapet til avtalt tid. Dei vert retta innan soknerådsmøtet og årsmøtet.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Vedtak:	Årsmeldinga blir godkjent med diverse utført endringer/opprettinger.
----------------	---

F 09/26	GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP
	<u>Bakgrunn:</u> - Rekneskapbyrået Aider har blitt forseinka med årsrekneskap. Det er ferdig til soknerådsmøte, men det er ikkje ferdig i skrivande stund. Status i rekneskapsprogrammet vår er at det er eit meirforbruk på ca. kr. 15.000,-. Dette er eit tal som mest sannsynleg vert litt høgare, men kyrkjeverje ventar framleis på endeleg tal frå rekneskapsbyrå. Dei vert lagt fram på soknerådsmøtet.
Vedtak:	Årsregneskapet blir godkjent under føresetnad om at det blir godkjent av revisor.

F 10/26	HØYRINGSUTTALE – OPNINGSTIDER HANDEL
Vedlegg: Til uttale	
Vedtak:	Soknerådet stiller seg positiv, men håper at det blir tatt hensyn til helligdager, spesielt langfredag, 1. påskedag.

F 11/26	EVENTUELT
	Oddvar: universell inngang, grusen frå inngang til hovedinngang er for tung å bruke t.d. rullator i. Kyrkjeverje sender søknad til Sparebanken, frist 15. april 2026.

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Nilsen Husa, Monica Thomassen Waage, Hilde Koppen, Stein Hugo Fykse og Jostein Hauge.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen, Martin Karlsen og Stine Waage.

Frå kyrjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Saksoversikt: S 05/26 – S 08/26

S 05/26	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 13.01.26
Vedlegg: Møtebok 13.01 og innkalling 17.03	
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 06/26	ORIENTERINGAR
	- Ivar Mæland og Malgorzata Tveit kjem saman med Cantate Deo og har sommarkonsert 21. juni. Derfor blir gudstenesta flytta frå 21. juni til 14. juni - Prosten i Nordhordland Helge Taranrød skal pensjonere seg 01. oktober. Det er sendt inn forslag om at han kan vere med på gudsteneste 30. august (konfirmantpresentasjon).

S 07/26	LITURGI
Vedlegg: Liturgihefte	Lyder har laga eit utkast til hefte som kan brukast i tillegg til skjerm. Hftet er gjenbrukbart. Soknerådet må kome med innspel. I tillegg ynskjer Lyder at det vert sett ned eit utval for å gå gjennom liturgisk musikk. Det er t.d. ein del som synest det er vanskeleg med Hallelujaverset som me har i dag.
Vedtak:	Soknerådet tar forslaget frå gudstenestegruppa til etterretning og at ordningen starter til påske.

S 08/26	OFFER I KYRKJA
Vedlegg:	Det er viktig å samle inn pengar til eige arbeid når økonomien er trang, men det er og viktig å hjelpe andre. Soknerådet kan setje opp faste offermål. I 2025 vart det samla inn kr. 26.339,- til eige arbeid og kr. 27.906,- i offer til andre. <u>Forslag til vedtak:</u> <i>Fedje sokn støttar Redd Barna på 17. mai og Kirkens Nødhjelp på julaftan. Elles går det til eige arbeid. Alt som kjem inn av kontantar vert samla opp i løpet av eitt år og går til eige arbeid.</i>
Vedtak:	Offer 17. mai og julaftan går eksternt, resten internt. AU får i oppgåve å utarbeide ein plan for å synleggjera vårt eigne arbeid. Evaluering ved nytt sokneråd.